



# Vi trur på Sunnfjord

Høgres program  
for 2019–2023





## SUNNFJORD KOMMUNE

Sunnfjord Høgre vil arbeide for at visjonen om etablering av Sunnfjord kommune blir realisert. Arbeidet skal bygge på intensjonsavtalen frå samanslåinga og gå inn for desentraliserte tenester innanfor skule, barnehage, sjukeheimar, helse- og kulturtild. Sunnfjord Høgre vil vere positiv dersom andre kommunar ønskjer å bli med i den nye kommunen. Det må arbeidast for at alle sentera i dei tidlegare kommunane vert satsa vidare på. Sunnfjord skal vere ein imøtekommande og positiv kommune for innbyggjarar og næringsliv.





## SUNNFJORD HØGRE

meiner at målet med det lokale sjølvstyret er å lage gode løysingar ut i frå lokale forhold slik at alle som bur her kan få dei beste tenestene basert på tilgjengelege ressursar. Det er viktig at midlar kommunen rår over vert brukt på ein slik måte at innbyggjarane i Sunnfjord får eit godt og tenleg tenestetilbod. Vårt mål er at kommunen skal vere ein god og attraktiv kommune for innbyggjarane.

### **SUNNFJORD HØGRE VIL PRIORITERE DEI VIKTIGASTE SAKENE FØRST OG FOKUSERE PÅ:**

- Kvalitet i helse og omsorg
- Kunnskap i skulen og gode oppvekstvilkår
- Samferdsel og kommunikasjon
- Legge til rette for tilflytting i heile kommunen, nyskaping og næringsutvikling
- Kultur, idrett og inkludering
- Klima og miljø



# SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

Sunnfjord kommune ligg geografisk sentralt plassert i fylket, som eit naturleg sterkt fylkessenter. Flyplassen på Bringeland er svært viktig for næringslivet i vår region, men også for den enkelte. Sunnfjord kommune blir ein stor kommune med vegsamband i mange retningar.

God infrastruktur bind bu- og arbeidsregionar saman. Difor må vi trygge og effektivisere vegar ved å ruste opp og rassikre kommunale vegar, fylkesvegar og E39. Samtidig må vi auke satsinga på kollektive løysingar med god samordning.

## **SUNNFJORD HØGRE VIL ARBEIDE FOR AT**

- E39 Lunde – Myrmel vert framskunda  
E39 Langeland – Moskog kjem med i neste Nasjonal Transportplan (NTP)  
I påvente av NTP må ein få utgreidd krabbefelt eller andre avbøtande tiltak i Halbrendslia
- Følgjande vegar vert rassikra;
  - Rv 5 Førde – Naustdal
  - Fv 610 Eldalsosen – Sande (Matbjøra)
  - Fv 609 mot Askvoll
- Følgjande vegar vert rusta opp;
  - Fv 57 Storehaug – Dale med bru Svesundet
  - Fv 611 Naustdal – Vetring for god tilkomst til gruveprosjektet på Engebø
  - Fv 13 Rørvikfjellet
- Førdepakken blir realisert
- Flest mogleg kommunale vegar må utbetraast og få fast dekke for å redusere vedlikehaldskostnadene
- Trafikktryggleiken vert auka ved å setje opp meir gatelys
- Det ikkje vert innført parkeringsavgift i Sunnfjord kommune
- Førde Lufthamn, Bringeland må vidareutviklast som kortbaneflyplass
- Førde Lufthamn, Bringeland får tenlege flyruter til Oslo og Bergen
- Kommunen skal være aktiv i forhold til å etablere lærlingplasser
- Kollektivtilbodet vert betre i heile kommunen. Særleg i utkantane på kveldstid og i helgane
- Vi får til ein særskilt pott for kollektivtilbod
- Heile kommunen får framtidsretta breiband- og mobildekning
- Kommunen har ei brukarvennleg heimeside





# KLIMA OG MILJØ

Sunnfjord kommune må ha gode klima- og miljøtiltak og løyse det grøne skiftet på ulike nivå. Gode innkjøpsstrategiar og god ressursutnytting vil gje stor vinst for miljø, økonomi og samfunnet. Interkommunal plan for klimaomstilling for kommunane Førde, Gaula, Jølster og Naustdal 2019–2030 vil stå sentralt i klima- og miljøarbeidet i Sunnfjord kommune.

## **SUNNFJORD HØGRE VIL ARBEIDE FOR AT:**

- Det vert utbygd fleire ladestasjonar for el-bilar og eventuelt andre lågutslepps-løysingar
- Førde Lufthamn Bringeland skal bli ein testflyplass i pilotprosjektet for framtidige elfly. Dette som eit ledd i ein meir miljøvennleg luftfart
- Vi får rassikring av Rv5 og andre rasutsatte veier
- Retningslinene og bruken av giftstoff og sprøytemidlar vert handheva strengt
- Klimafokuset skal vere med i all kommunal planlegging, både gjennom tiltak mot utslepp, ved konsekvensutgreiing og som planlegging av førebyggande tiltak
- Kommunale køyretøy bør nytte elektrisitet eller alternative drivstoff
- Avfallsmengda vert redusert gjennom gjenbruk, kjeldesortering og resirkulering av material
- Ein «matjordplan» der ein ved nedbygging av matjord og andre eigna massar, krev at den vert flytta og nytta til forbetring av landbruksareal i aktiv drift eller nydyrkning.
- Førde skal vere ein miljøby med klima- og miljøtiltak, gode kollektivløysingar og tilrettelegging for syklande og gåande
- Sunnfjord kommune stiller miljø- og klimakrav i alle offentlege innkjøp innan 2030





# NÆRINGSЛИV, LANDBRUK, NYSKAPING OG TILFLYTTING

Sunnfjord kommune skal vere ein moderne og attraktiv kommune for investering og utvikling av næringslivet. Sunnfjord kommune skal vere aktiv i å legge til rette for – og stimulere til – vekst og verdiskaping. Verdiskapinga i næringslivet er grunnlaget for utvikling og velstand i kommunen.

Sunnfjord kommune er den største landbrukskommunen i Vestland fylke. Landbruket og næringsmiddelindustrien må styrkast og utviklast i vår region gjennom gode rammevilkår.

## **SUNNFJORD HØGRE VIL ARBEIDE FOR AT:**

- Vi har god barnehagedekning
- Sunnfjord skal vere ein JA – kommune og vere positiv til dei som vil etablere seg
- Kommunen skal ha rask og god sakshandsaming
- Det heile tida vil vere tilgjengeleg næringsareal i alle deler av kommunen. Det må opparbeidast areal rundt flyplassen, ved Lunde ved E39 og i Redalen i Naustdal.
- Mineralutvinninga i Engebøfjellet gjev størst mogleg lokal og regional verdiskaping.
- Det vert stimulert til næringsutvikling for mest mogleg bruk av restmassane frå mineralutvinninga på Engebø
- Verneplanar skal vere eit supplement – ikkje eit hinder for busettnad og næringsliv
- Dei som driv innanfor landbruksnæringa får høve til å vidareutvikle og styrke drifta også gjennom tilleggsnæringar som til dømes småkraftverk, gardsturisme, lokalmat og anna
- Privat eigedomsrett vert respektert og omsetning av eigedommar skal gjerast enklare
- Buplikta må praktiserast liberalt, men driveplikta må oppretthaldast
- Energi- og IT-bransjen framleis vil vere viktige arbeidsplassar, samt å skape fleire arbeidsplassar i klynger.
- Ungdom som er interessert i praktiske, yrkesretta fag skal få eit best mogleg tilbod. Reodorlkubben i Førde vert satsa på i samarbeid med skular og næringslivet
- Kommunen må til ei kvar tid ha lærlingar og praksiskandidatar i arbeid og må legge vekt på at bedrifter som får oppdrag tek inn lærlingar
- Handelsnæringa vert støtta gjennom planarbeid og gode trafikk- og parkeringsløysingar
- Det vert lagt til rette for sterke fag- og kompetansemiljø. Vidareutvikle og behalde hovudkontorfunksjonar som på sikt kan gje auka ringverknader.
- Sunnfjord Utvikling AS vert styrka og utvikla



FOTO: NJÅL NEDREBØ

# **SKULE OG BARNEHAGE**

Sunnfjord Høgre ønskjer å skape ein barnehage og skule som gjev borna trygge rammer og nødvendige ferdigheiter. Ein skal ha fokus på medverknad, opplevelingar og utfaldning med barnet i sentrum i samarbeid med dei føresette. Barnehagen skal vere ein trygg arena og gje læring gjennom leik og stimulere borna sin naturlege nysgjerrigkeit. Tidleg innsats i skulen, dyktige og kvalifiserte lærarar, og ei god skulehelseteneste er viktige faktorar for seinare meistring.

## **SUNNFJORD HØGRE VIL ARBEIDE FOR:**

### **BARNEHAGE:**

- Fleksibelt barnehageopptak
- Framleis full barnehagedekning og sommaropning
- Å auke talet på pedagogar
- Å få fleire menn til å jobbe i barnehage gjennom yrkesrettleiing
- Både offentlege og private barnehagar
- Etter- og vidareutdanning for tilsette i barnehage

### **SKULAR:**

- Ferieopne og desentraliserte SFO-tilbod
- Styrking av kapasiteten til symjeopplæring
- Nulltoleranse for mobbing og styrke arbeidet med å avdekke slike forhold
- Satsing på læraren som den viktigaste innsatsfaktoren i skulen
- Tilbod om vidareutdanning og gode arbeidsvilkår for lærarar
- Ressursar til miljøarbeidar i skulen
- Tilpassa opplæring og leksehjelp slik at alle får eit mål å strekke seg etter
- Gode tilbod til elevar som ikkje finn seg til rette i etablerte opplæringsordningar
- Mobilbruk kjem i ordna former ved skulane
- Å styrke førebyggande arbeid med god tilgang til helsejukepleiar for alle elevar
- At tilsette i skular og barnehagar får opplæring i psykisk helse for å førebygge psykiske vanskar og lettare oppdage vald og overgrep mot barn
- Opplæring i sosiale medium, nettvett og grunnleggande økonomiforståing for 4. til 10. steg
- Å innføre kodekurs/enkel programmering for elevar frå fjerde steg
- Eit utvida aktivitetstilbod i SFO
- Å gjere skulevegen tryggare



# **HELSE- OG OMSORGSTENESTER**

Høgre sitt mål er at alle skal få gode og tilpassa helse- og omsorgstenester når dei treng det, uansett alder og livssituasjon. Tryggleik i kvarldagen er avgjerande for eit godt liv. Sunnfjord kommune skal ha eit godt utbygd og moderne helse- og omsorgstilbod. Høgre ønskjer eit godt samspel mellom pasientar, pårørande og helse- og omsorgstenestene for å sikre god kvalitet og tryggleik. Kvar enkelt må få bu trygt og godt heime så lenge dei sjølv ynskjer det.

## **SUNNFJORD HØGRE VIL ARBEIDE FOR:**

- Å sikre eit godt tilbod innan psykisk helsevern og rusomsorg for alle som treng det
- Å styrke barnevernstenesta i kommunen
- Tilrettelegging for tverrfagleg samarbeid mellom helsesjukepleiar og miljøarbeidarar i heile kommunen
- Å skape gode møtestadar der barnevern, skulehelsetenesta og tilsette i skulen kan møtast for å bygge tillit og betre samarbeid
- At det vert lagt til rette for at t.d. psykisk utviklingshemma som lagar maten sin sjølv, kan ha eit godt og sunt kosthald
- At maten som blir servert i institusjonar er lokal, god og næringsrik og at middag blir servert på ettermiddag
- At eldre og demente får plass på dagsenter
- Tilbod om førebyggande heimebesøk til alle over 75 år
- Ei avlastingsordning for pårørande og andre som tek seg av pleietrengande som bur heime
- Senior- og aldersbustadar med gode helse- og aktivitetstilbod
- Etablering av Friskhus i Naustdal som eit offentleg/privat samarbeid
- At råd for ungdommar, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne får medverke i relevante saker
- Å sikre medfinansiering av redningsdykkarar i beredskap
- Styrking og utvikling av Førde Sentralsjukehus med spesialisthelseteneste og lokalsjukehus
- Å vidareutvikle gode samarbeidsordningar på tvers av regionar og etatar, spesielt innan rusomsorg, vald i nære relasjonar, barnehuset og overgrepsmottaket
- Å tilby sentrumsnære bueiningar som er tilpassa psykiatrien



# KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING

Frivillige lag og organisasjonar er berebjelken for aktivitetar og gode fritidstilbod i kommunen. Gode kulturtilbod, mangfald og kvalitet vil gjere Sunnfjord attraktivt for innbyggjarar, turistar, studentar og næringsliv. Talentutvikling for dei som skal sette sitt preg på kulturen framover er ei viktig oppgåve for kommunen. For mange born er deltaking på fritids- og aktivitetstilbod det kjekkaste som skjer i løpet av veka. Slike tilbod gjev samhald, venskap og meistring.

## **SUNNFJORD HØGRE VIL:**

- Sikre kulturskulen gode areal og gje opplæring rundt om i heile kommunen
- Arbeide for å få til gode møteplassar og ikkje minst areal til badeplassar og parkområde rundt om i kommunen
- At kyrkja skal ha ei sentral rolle, og at kyrkjene og kyrkjegardane vert haldne godt ved like
- Arbeide for mangfald og inkludering i alle ledd
- Legge til rette for til dømes frivillige organisasjonar som driv med rusføre-byggjande arbeid, skapar livsglede for eldre som tur-ven og måltidsvertar
- Sikre og styrke aktiviteten i Frivilligsentralane
- Byggje ny symjehall i Førde med publikumsvenleg opningstid, samt sikre symjehallane vi har i dag
- Bidra til å utvikle nye og etablerte idretts- og nærmiljøanlegg
- Høgre vil legge til rette for at ungdom som er interesserte i praktiske, yrkesretta fag skal få eit best mogleg tilbod, og vil støtte arbeidet som Reodorklubben gjer i samarbeid med skuleverket og næringslivet
- Arbeide for etablering av eit ungdomstilbod à la Base-Camp i samarbeid med næringslivet og frivillige lag og organisasjonar
- Arbeide for sommaridrettsskule i samarbeid med idrettslag og frivillige organisasjonar
- Aktivt støtte bygginga av Nynorskens hus med plass for teater og andre kulturtilbod
- Arbeide for å utvikle kulturinstitusjonar og aktivitetar i heile kommunen
- Sjå på potensialet for å bygge ishall i Førde som kan nytte fornybar energi frå Førdefjorden Energi til varme og kjøling
- At det vert gjeve opplæring i digitale tenester til dei som treng det
- At det kan leggast til rette for at kommunale bygg og anlegg kan nyttast av frivillige lag og organisasjonar til ein rimeleg pris eller er gratis.  
Særleg gjeld dette for born og unge.
- Legge til rette for at frivillige organisasjonar sitt arbeid med inkludering av flyktningar vert støtta

# REISELIV OG TURISME

Vakre Sunnfjord si plassering midt i fosselandet mellom fjord og fjell har populære turistattraksjonar og eit stort potensiale for å vidareutvikle ei berekraftig reiselivsnæring for alle årstider. Nasjonal Turistveg svingar seg frå Gaularfjellet i retning både til Moskog og Sande og ein av 18 viktige nasjonale satsingar.

Sunnfjord kommune må utvikle reiselivsstrategi for å løfte Sunnfjord som reisemål.

Sunnfjord kommune skal ha eit variert og godt tilbod innan natur, kunst og kultur, aktivitetar og arrangement.

Reiselivsnæringa er viktig både som salsprodukt og arbeidsplassar i heile kommunen.

## **SUNNFJORD HØGRE VIL ARBEIDE FOR AT:**

- Sunnfjord kommune vert ein attraktiv kommune som reise- og turistmål
- Førdefestivalen får utvikle seg som ein internasjonal festival
- Fossesenteret, nasjonalt senter for verna vassdrag ved Likholefossen, vert realisert
- Astrupunet vert utvikla og satsa vidare på som eit attraktivt turistmål.
- Kulturminne blir tekne vare på
- Lokal mat og drikke i større grad må gå inn som ein del av reiselivsproduktet



# EIGEDOMSSKATT

Høgre er prinsipielt imot egedomsskatt, fordi det er ei særslig urettferdig form for skattlegging både for enkelpersonar og næringsliv. Skatten kan verke negativ når vi ønskjer meir tilflytting og nyetablering. Høgre vil arbeide aktivt for at den ikkje blir auka, og helst redusert.



## FØRDE SOM REGIONBY

Førde er den største byen mellom Bergen og Ålesund, og har spelt ei stadig sterkare og viktigare rolle som regionby, fylkessenter og vekstmotor i Sogn og Fjordane. Det er nesten 12.000 arbeidsplassar i Førde, med ei innpendling på omlag 3.500 personar frå alle kommunar i fylket vårt. Byen har ei særskilt viktig rolle som vertskommune for offentlege verksemder, utdanningsinstitusjonar og privat næringsliv som t.d. handel, service og tenesteyting.

### **SUNNFJORD HØGRE VIL ARBEIDE FOR AT FØRDE SKAL UTVIKLE OG STYRKE**

#### **SI ROLLE SOM:**

- Den største byen mellom Bergen og Ålesund, og få ein sterkt og viktig posisjon i Vestland fylke
- Vertskapsby for offentlege verksemder, og med målsetting om fleire offentlege kompetansemiljø og -arbeidsplassar
- Attraktiv utdannings- og studentby, med mellom anna fleire studentbustader og aktiv vertskapsrolle
- Moderne småby med m.a. vekt på eit urbant sentrum med fortetting, sosiale møtepunkt, gode byrom, stort arrangements- og kulturtilbod
- At Sunnfjord kommune vert ein attraktiv kommune som reise- og turistmål




**OLVE GROTLE  
DIN ORDFØRAR!  
HUGS Å STEMME HØGRE**



**1. KANDIDAT**  
Olve Grotle



**2. KANDIDAT**  
Anne Kristin Lilleaasen



**3. KANDIDAT**  
Kjell Navelsaker



**4. KANDIDAT**  
Steinar Kvame



**5. KANDIDAT**  
Laila Vilnes Helgheim



**6. KANDIDAT**  
Mathias Råheim



**7. KANDIDAT**  
Anette Vågene Shanks



**8. KANDIDAT**  
Dag Inge Roska



**9. KANDIDAT**  
Eli-Gro Fedje



**10. KANDIDAT**  
**Olin Johanne Henden**



**11. KANDIDAT**  
**Dag-Rune Mallasvik**



**12. KANDIDAT**  
**Agnar Bøyum**



**13. KANDIDAT**  
**Paula Kathrine Lesto**



**14. KANDIDAT**  
**Håvard Senneset**



**15. KANDIDAT**  
**Leif Olstad**



**16. KANDIDAT**  
**Beate Bjøtveit Øvrebø**



<https://hoyre.no/vestland/sunnfjord/>  
<https://www.facebook.com/sunnfjordhogre>  
E-post: sunnfjordhogre@gmail.com  
Leiar: Anne Lilleaasen, mobil 480 80 022

Foto: Anne Lilleaasen, Paula Kathrine Lesto, Håvard Senneset, Njål Nedrebø, Svein Jarle Reiakvam, Steinar Kvame, Ottar Starheim/NRK og Høgre sentralt.

# SUNNFJORD HØGRE SINE KANDIDATAR 2019

<b>1</b>	<b>Olve Grotle*</b>	<b>Førde</b>
<b>2</b>	<b>Anne Lilleaasen*</b>	<b>Bygstad</b>
<b>3</b>	<b>Kjell Navelengther*</b>	<b>Vassenden</b>
<b>4</b>	<b>Steinar Kvame*</b>	<b>Naustdal</b>
5	Laila Vilnes Helgheim	Førde
6	Mathias Råheim	Viksdalen
7	Anette Vågene Shanks	Naustdal
8	Dag Inge Roska	Førde
9	Eli Gro Fedje	Førde
10	Olin Johanne Henden	Vassenden
11	Dag Rune Mallasvik	Naustdal
12	Agnar Bøyum	Vassenden
13	Paula Kathrine Lesto	Vassenden
14	Håvard Senneseth	Sande
15	Leif Olstad	Førde
16	Beate Bjotveit Øvrebø	Bygstad
17	Stig Tjelle	Førde
18	Ruth Marit Øyra	Naustdal
19	Hilde Therese Nordberg	Førde
20	Raymond Sandøy	Vassenden
21	Aud Marit Hage	Viksdalen
22	Are Njøsen	Bygstad
23	Arne Lesto	Vassenden
24	Martin Savland	Naustdal
25	Harald Gil Sætre	Førde
26	Are Einevoll	Naustdal

27	Britt Kyrkjebø Aarbergsbotten	Sande
28	Rune Øksenbergs	Førde
29	Trond Nistad	Sande
30	Anna Fazczowa-Mazur	Bygstad
31	Rikard Engelsen	Sande
32	Anna Cecilie Sunde Midttun	Vassenden
33	Bjørn Inge Geithus	Førde
34	Per Otto Huseklepp	Førde
35	Palmar Åmot	Skei
36	Morten Hafstad	Førde
37	Torbjørg Grimsbø Eskeland	Vassenden
38	Knut Horne	Naustdal
39	Jon Åge Sande	Skei
40	Karina Hetle Solheim	Viksdalen
41	Gunnar Nordahl	Sande
42	Gunnar Råheim	Viksdalen
43	Geir Thomas Espeseth	Førde
44	Pål Arthur Johannessen	Bygstad
45	Bjarne Horsevik	Sande
46	Arne Ivar Øvrebø	Førde
47	Tore-Bjarne Gamborg	Vassenden
48	Frode Kårstad	Bygstad
49	Gunnar Martin Smaadal	Vassenden
50	Margunn Skudal Nistad	Bygstad
51	Alana Shanks	Førde

